



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Kari Beate Mostad, 5557 2153

Vår dato  
12.10.2016  
Dykkar dato  
«REFDATO»

Vår referanse  
2016/11085 520  
Dykkar referanse  
«REF»

Jf. vedlagte adresseliste

### Referat evalueringsmøte med Beitelag i låglandet og sakshansamande kommunar.

*Til stades:*

*Kristian Skumsnes frå Fitjar Beitelag,*

*Inge Knapskog frå Midtmarka beitelag,*

*John Inge Vik frå Fitjarøyane beitelag og Søre Huftarøy beitelag,*

*Anja Broch frå Radøy kommune,*

*Åse Nøttveit frå Stord og Fitjar landbrukskontor.*

*Frå Fylkesmannen: Kari Mostad, Silje Anette H. Lyhammer og Kari Elsa des Bouvrie (ref.).*

#### Tema for møtet:

- Definisjon av beitelag
- Beitelaget sitt området, definisjon og handtering
- Krav til samarbeid i beitelaget
- Kommunal sakshandsaming

#### **Presentasjon** av beitelaga og kommunane:

Fitjar beitelag: Laget beiter frå 0 til 700 m.o.h. har 15 medlemmer, ca. 500 dyr. Beitelaget har fleire sankelag. Vanskeleg å få folk til å ta verv i styret. Òg problem med å få inn tilsynsrapportar osv. Ynskjer at ein større del av tilskotet skal gå til beitelaget, for at dei kan ha større insitament til fellesløysingar.

Søre Huftarøy: ca. 10 medlemmer, meir enn 1000 dyr. (Overlappning med Fitjarøyane?)

Fitjarøyane: Meir enn 1000 dyr, på mange forskjellige øyer. Samarbeid om lyngsviing, grøfting, sanking (med båt), sortering (søy- og vêrlam på forskjellige øyer) osv. Utfordrande, men samarbeidet er godt organisert.

Midtmarka: 8 medlemmer, derav 4 aktive. Stort sett villsau i inngjerda utmark/lynghei. 180-190 dyr. Mykje samarbeid om gjerding, lyngsviing, tilsyn og sanking. Samarbeidet er godt organisert.

Frå Radøy kommune vart det informert om 2 beitelag:

Syltanes Beitelag: ca. 2000 mål, vesentleg villsau. Dei har eit godt samarbeid om vedlikehald, men det er utfordrande å sanke.

Solheim, Olsvoll, Tolleshaug beitelag: Ein del samarbeid, dels veldig bra, men det fungerer ikkje heilt optimalt. Laget har eit stort utmarksområde med sankehegne.

Stord/ Fitjar har tre beitelag, Stord beitelag (diverre forfall grunna sjukdom) Fitjarbeitelag og Fitjarøyane beitelag. Opplever det er problematisk å godkjenne tilskot som openbart ikkje fyller krava til samarbeid.

### **Oppsummering av diskusjon**

- Gjengroing i låglandet er minst like omfattande som i fjellet. Viktig med beiting i låglandet også, fellesskap rundt beitinga gjer gjennomføring av beitinga lettare. T.d. fitjarøyane er avhengig av samarbeidet for å gjennomføre beitinga.
- Større del av tilskotet til beitelaget er viktig for å stimulere samarbeidet.
- RMP-tilskot ikkje avgjerande for arbeidet. RMP-søknad såpass innvikla at nokre ikkje orkar å søkje på desse midla.
- Beitelag i låglandet ser ut til å fungere godt der beiteareala er definert etter areal som er i bruk til formålet.
- Der beitelag har definert større deler av kommunen som beitelagets areal, vert det meir arbeid med organisering. Det er ein del bønder med i beiteområdet utan at dei nødvendigvis har meldt seg aktivt inn i laget, eller deltek i samarbeid definert for beitelaga. Beitelaget har ikkje automatisk rett til å søke om støtte til alle dyr i området. Det er framleis krav til at dei har eit organisert samarbeid. Ansvar for beitelaga å innrapportere dei dyra som faktisk deltek i aktivt samarbeid, jf. definisjonen. For desse beitelag vert det då eit større behov for organisering av beitelaget og kommunikasjon med medlemmane.
- Beitelag i både høgfjellet og i låglandet må ha gode rutinar på rapportering inn til styret om ettersyn og heimsanka sau, mm. Dette kan vere ei utfordring når folk vegrar seg for å ta verv.
- Sosiale samkome ved t.d. årsmøtet, er positivt for samarbeidet
- Beitelaga peikte på at det er viktig å ha med flest mogleg av grunneigarane i eit område for å lage gode og rasjonelle felles løysingar for beiting. T.d. felles gjerding som ikkje er avhengig av eigedomsgrenser, men naturlege skilje i landskapet. med i beitelaget og om samarbeidet.
- Sakshansamar i kommunane treng konkret informasjon å forholde seg til når dei skal godkjenne søknadane om driftstilskot til beitelag. «I beitelaget sitt område» ikkje nok for å vere berettiga tilskot utan at det skjer eit faktisk samarbeid.

### **Eventuelt.**

- FM informerte om at det er meir tilskotsmidlar att til investeringar i beiteområdet.

Det var god diskusjon på møtet og mange poeng som vil verte nytta vidare i den pågåande evalueringa av RMP-ordninga. Vi takkar for godt møte

Med helsing

Kari Mostad  
Rådgjevar- fagansvar RMP

Kari Elsa des Bouvrie  
Rådgjevar – fagansvar  
husdyr

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

*Mottakarar:*

Fitjar kommune

Austevoll kommune

Fjell kommune

Radøy kommune

Stord Beitelagsforeing v/ Tor Atle Sørheim

Fitjarøyane beitelag v/ John Inge Vik

Fitjar beitelag v/ Kristian Skumsnes

Søre Huftarøy beitelag v/ John Inge Vik

Midtmarka beitelag v/ Inge Knapskog